

**Laber interesse for sal eller bytte**

07.03.2008



Jostein Bauge var like blid sjølv om han ikkje fekk seld slalåmskiene sine. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ideen kom frå Austlandet, men den vart ingen suksess i Uskedalen – i det minste ikkje på første forsøk: Berre nokre få møtte fram til byttekvelden i Aktivitetshuset fredag kveld.**

FAU ved oppvekstsenteret inviterte interesserte til å leggja ut ting dei ville kvitte seg med – enten gjennom bytte eller sal.

Men heilsvart var det trass i alt ikkje: Ein sykkel vart seld og det var også tiffelle med eit snowboard med sko, eit par skisko, ein playstation med spel og eit par slalåmstøvlar.

Men fire dekk med felg, to par langrennsski med sko og eit par slalåmski med sko var uselde då arrangørane runda av ein time før tida på grunn av laber interesse.

- Men det var verd eit forsøk og det er mogeleg at vi freistar att ein annan gong, sa FAU-leiar Erlend Moen. Lengre og grundigare førebuing og ei anna tid på året kan vera gunstige faktorar når ein eventuelt skal skal planleggja ein ny bytte- og salskveld i Uskedalen..

Utlodning og sal av kaffi, kaker og saft ga ein slant i kassa for FAU.

Av Ola Matti Mathisen